ODDA KOMMUNE

Det Kongelige Kommunal- og regionaldep.
Postboks 8112 - Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP
06 JAN 2009
08/2419-16
Ark. 651.1
Avd.. KO / KJ / ORN

| Dykkar ref. | Arkivsakid-doknr: | 2008001391-1 | Saksh: | Aud-Jorunn Rønning | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Journalpostid: | 2008014593 | Telefon: | 53 65 40 75 | K1-033 | 05.01.2009 |

**Særutskrift av OK-sak nr. 104/08.**

**Om krav til kjønnsrepresentasjon i styra for kommunale aksjeselskap og aksjeselskap som er minst 2/3 off. eigd. Forslag til endringar i kommunelova.**

Vedlagt følgjer vedtak.

Venleg helsing
For Arkivet

Aud-Jorunn Rønning
Aud-Jorunn Rønning
Sektretær

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Folgefonntunnelen AS v/Øystein Strømme Rasmussen | Kvednavegen 4 | 5750 | ODDA |
| Hardanger Vekst AS v/Anne Erdal | Opheimsgt. 31 | 5750 | ODDA |
| Hardangerrådet IKS | | 5780 | KINSARVIK |
| Haukelivegen AS | Postboks 134 | 3890 | VINJE |
| Jondalstunnelen AS – Jondal kommune | | 5627 | JONDAL |
| Kontrollutv. i Odda v/sekr. Roald Breistein | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Odda Energi AS | Postboks 74 | 5751 | ODDA |
| Oddaprodukt AS | Postboks 383 | 5751 | ODDA |

**ODDA KOMMUNE**

Arkiv: K1-033
Arkivsak ID: 2008001391-1
Journalpost ID: 2008014593
Saksh.: Harald Jordal
Dato: 01.12.2008

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| Styre, utvalg, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksbeh. |
| Odda kommunestyre | 09.12.2008 | 104/08 | HJo04065 |

**Om krav til Kjønnsrepresentasjon i styra for kommunale aksjeselskap og aksjeselskap som er minst 2/3 off.eigd.**
**Forslag til endringar i kommunelova**

**Vedlegg: 1. Høyringsskriv frå Kommunal og regionaldepartementet.**

**Framlagt:** Høyringsnotatet komplett

Saka skal sendast ut av: Sekretariatet

Særutskrift skal sendast til: Kommunal - og regionaldepartementet, Odda Energi AS, Oddaprodukt AS, Folgefonntunnelen AS, Jondalstunnelen AS, Haukelivegen AS, Hardanger Vekst AS; Hardangerrådet IKS og kontollutvalet i Odda kommune

**Rådmannen sitt framlegg til**

**vedtak :**

1. Odda kommunestyre sluttar seg til dei forslaga som departementet føreslår til endringar i kommunelova, slik det går fram av saksutgreiing og vedlegg 1

2. Odda kommunestyre ønskjer at reglane skal gjelda for alle aksjeselskap som kommunen / det offentlege eig minst 2/3 av aksjane i.

3. Odda kommunestyre viser til saksutgreiinga når det gjeld drøfting av det kommunale kontrollutvalet sine oppgåver med å ettersjå krav om kjønnsfordelt representasjon i styra for aksjeselskap som fell inn under lovkravet slik et går fram av høyringsdokumentet.

Rådmannen i Odda, 01.12.08

**09.12.2008 Odda kommunestyre**
**Behandling:**

**OK-104/08 Vedtak:**
Rådmannen sitt forslag vart samr. vedteke

**Saka gjeld:**
KRD ( Kommunal og regionaldepartementet) drøftar i denne høyringa det å gå vidare med demokratiseringa av kommunale aksjeselskap i høve til krav til kjønnsfordeling av styresamansettinga.

Bakgrunn
**Kjønnsdemokratisering av det offentlege styringsverket** har vore ein brei og tung prosess som har gått over tid. Den bærande tanken har vore både å sikra kvinnene representativ representasjon i politiske organ i kommunane og ved styreborda i aksjeselskapa. Denne målsettinga er uttrykt i kjønnsnøytrale formuleringar i lovtekst ( som vallov og kommunelov ) og føresegner til desse.
Vallova har innebygt ein stor "svikt i systemet" ( med tilsvarande praktiske problem knytt til gjennomføring av kjønnsmessig balansert representasjon) ved at den ikkje stiller krav til kjønnsfordeling for å få godkjent eit listeforslag.
Eit listeforslag kan ikkje underkjennast om det berre står menn eller berre kvinner på det – dersom det elles oppfyller lova sine krav.
I praksis viser det seg at det er langt lettare å rekruttera menn til politiske lister enn kvinner. Når kvinnene ikkje har understøtting i form av krav til kvotering/ kjønnsfordeling knytt til godkjenning av listeforslaget kjem ein her "skeivt ut frå hoppkanten" i høve til å stetta dei rigide krava lovverket set til fordeling etter kjønn i kommunale politiske vedtaksorgan.( t.d. på faste komitear/ nemndsnivå). I kommunelova sin terminologi er faste komitear ( som Driftskomiteen og Utviklingskomiteen frivillige nemnder)

Denne høyringa går primært på gjennomføring av krav om kjønnsmessig kvotering til styra i kommunale aksjeselskap, aksjeselskap det kommunane / inkl fylkeskommunen har aksjemajoriteten ( minst 2 / 3), eller interkommunale selskap - og med særleg vekt på å tilpassa kommunelova til den demokratiseringa som ligg i å stilla krav kjønnsmessig balansert samansetting av styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap.

Pkt 2.1.7 står det i høyringa;
*"I et **kommunalt aksjeselskap** utøver kommunen sin eierkompetanse gjennom generalforsamlingen. Det finnes ikkje særskilte bestemmelser, verken i kommuneloven eller aksjeloven, om hvem som har kompetanse til å representere en kommune som aksjeeier på selskapets generalforsamling. Det følger derfor av kommuneloven § 6 - jamf aksjeloven § 5-2 , at kommunestyret må utstede **en særskilt fullmakt** til den som skal representere kommunen på generalforsamlingen"*

I høyringsdokumentet vert det peika på at Brønnøysundregistra skal vera handhevingsmynde for dei selskap som er mint 2/3 offentlig eigd og som dermed fell inn under reglane.
Eit slik system finst ikkje i dag , men er føreslege etablert gjennom samordning av eksisterande opplysingar.
Brønnøysundregistra har i dag opplysingar om styresamansettinga i alle aktuelle aksjeselskap Ein må difor berre sortera ut dei selskapa som fell inn under reglane om kvotert kjønnsrepresentasjon i styret og slik set kal vera gjenstand for ein legalitetskontroll om korrekt styresamansetting.

Frå kontrollutvalet kjem det i dette kommunestyremøtet ( 09.12.08) eiga sak om selskapskontroll basert på forslag til: **Plan for selskapskontroll 2008 – 2012 .**
Det vert her drøfta både kva selskap dette gjeld og kva slags kontroll det er naturleg å utøva. Ein del av kontrollen vil etter mitt syn vera å etablera tilfredsstillande prosedyrer for utøving av generalforsamlingsoppgåver i selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser i.

Elles vil det ikkje vera unaturleg at det og er ei oppgåve for dei lokale kontrollutvala som er lovpålagde i kvar kommune at det er ei naturleg oppgåve å sjå til at lova sine krav til styresamansetting i kommunale aksjeselskap

## I høyringsdokumentet legg departementet fram slik framlegg:_

## Lovforslag

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) blir endret slik:
§ 36 ( Forholdsvalg – listeforslag ) nr. 2 skal lyde:
*Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.* Ved valg *til* folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig.

§ 37 ( Forholdsvalg – valgoppgjøret) nr. 3 skal lyde:
Viser det seg at et kjønn etter denne fremgangsmåten vil bli representert med *færre medlemmer enn det som følger av neste ledd,* rykker kandidater fra det underrepresenterte kjønn så langt mulig opp på listen i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse.
*Får listen to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert. Får listen fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Får listen seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Får listen ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.*
§ 38a ( Flertallsvalg. Ansettelser) nr. 3 skal lyde:
Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av *neste ledd,* skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.
*Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert blant dem som velges. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.*

Nytt kapittel 12 A skal lyde:
**Kapittel 12 A. Aksjeselskaper der kommuner eller fylkeskommuner eier minst to tredeler av selskapet. Representasjon av begge kjønn i styret.**
§ 80 a. Representasjon av begge kjønn i styret
*1. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende for aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst to tredeler av (alternativt "alle") aksjene i selskapet.*

 

*2. Departementet kan gi forskrift om den nærmere gjennomføringen av valget av styremedlemmer som velges av og blant de ansatte etter reglene i aksjeloven § 6-4 eller § 6-35 jf. allmennaksjeloven § 6-37 første ledd med tilhørende forskrifter, for å legge til rette for at valget oppfyller kravene til representasjon av begge kjønn i styret.*

§ 80 b. Håndheving
*Lov 13. juni 1997 nr. 44 om Aksjeselskaper §§ 16-15 til 16-18 kommer til anvendelse når et selskap som nevnt i § 80 a, ikke har meldt til Foretaksregisteret et styre som oppfyller kravene til representasjon av begge kjønn i styret.*

II
Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.

III
For aksjeselskaper der kommuner eller fylkeskommuner eier minst to tredeler av selskapet og som er stiftet og registrert i Foretaksregisteret før kommuneloven § 80 a settes i kraft, skal styret være sammensatt i samsvar med loven her innen to år etter ikrafttredelsesdato.

VEDLEGG NR.: 900442

DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Høringsinstansene

| Deres ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 08/2419-1 ORN | 05 NOV 2008 |

**Høringsbrev med forslag til endringer i kommuneloven - krav til kjønnsmessig balansert sammensetning av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskaper**

Vedlagt følger høringsbrev med forslag til endringer i kommuneloven. Vi ber om at høringsuttalelser er departementet i hende senest 3. februar 2009.

Dette høringsbrevet foreslår lovkrav til at styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskaper skal ha en kjønnsbalansert sammensetning. Vi oppfordrer høringsinstansene til særlig å uttale seg om forslaget bare bør gjelde for heleide kommunale aksjeselskaper, eller om det også bør gjelde for aksjeselskaper hvor kommunene eier minst to tredeler av aksjene i selskapet.

Høringsbrevet inneholder i tillegg forslag til endring av ordlyden i kommunelovens egne bestemmelser om kjønnsbalanse i folkevalgte organer. Dette gjøres for å tilpasse kommunelovens ordlyd til annet regelverk om kjønnsbalanse.

Vi ber om at adressatene forelegger høringsnotatet for organisasjoner og organer på sitt område som ikke er oppført i høringslisten, men som bør gis anledning til å uttale seg.

Med hilsen

Anne Nafstad Lyftingsmo
Anne Nafstad Lyftingsmo e.f.
ekspedisjonssjef

Helga Hjorth
avdelingsdirektør

Vedlegg


Postadresse:
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon *
22 24 90 90 /
Org. nr.:
972 417 858

Kommunalavdelingen
Telefaks:

Saksbehandler:
Oddny Ruud Nordvik
22 24 72 30